

Informasjon om kartlegging før og etter rehabiliteringsopphaldet

Muritunet ønsker at du skal få best mogeleg utbytte av rehabiliteringsopphaldet og difor ber vi deg om å svare på helserelevante spørreskjema i forkant. Du vil også få skjema for utfylling ved avreise, 6- og 12 månadar etter avslutta opphald på Muritunet. Resultata blir vedlegg til din medisinske journal. Svar ved 6- og 12 månadar blir ikkje fortløpande vurdert av medisinsk helsepersonell. Ved samtykke blir resultat lagt i Muritunet sitt kvalitetsregister for forskning- og utvikling, slik kan ein mellom anna dokumentere effekt av rehabilitering. For å få kartlagt din helsetilstand på best mogeleg måte, håper vi at du vil ta deg tid til å svare på alle spørsmåla.

Trygg pålogging via BankID


Personvern og sikkerhet

Kartleggingane blir gjort via CheckWare, ein elektronisk portal for utfylling av spørreskjema.

Høgaste sikkerhetsnivå (nivå 4)

Pålogging til CheckWare er gjennom Bank-ID som er ein elektronisk-ID frå ID-porten. ID-porten er innlogging til offentlige tenester, der du på ein trygg og sikker måte stadfester kven du er. Bank-ID kan være koder frå kodebrikke, sms, kodekort, apper, bankID på mobil eller liknande.

Dersom du ønsker meir informasjon om BankID: www.bankid.no. Dersom du er usikker på om du har BankID – ta kontakt med banken din.



Korleis svare på spørreskjema i nettportal

Tidspunkt for utfylling:


10 dagar før ankomst, ved avreise, 6– og 12 månadar etter avslutta opphald.

Ved kvart tidspunkt for utfylling får du tilsendt ei tekstmelding med lenke til portalen du skal logge deg på. Trykk på lenka eller gå inn på www.muritunet.no og trykk på ikonet PORTAL.



Logg deg på med din bank-ID. Spørsmåla kjem direkte opp på skjermen etter pålogging og du svarar på alle skjema som kjem opp. Dersom du avbryt kartlegginga, vil du ved neste pålogging kome tilbake til der du avbraut.

1. Når du er ferdig med utfylling kan du logge deg av ved å gå inn på menysymbolet øverst i venstre hjørne (tre kvite vannrette strekar på blå bakgrunn).



2. Du får då opp ein meny og kan logge deg av ved å trykke på «logg ut»- symbolet i menyen.



Dersom du ikkje har opna kartlegginga innan ei veke får du ei ny tekstmelding med påminning.

Kontakt oss

Spørsmål vedrørende kartleggingar eller den elektroniske løysinga?

Kontakt FoU-avdeling Muritunet

Tlf: 418 65 474

anniken@muritunet.no

Besøk oss på internett: www.muritunet.no

Ta med

Om du brukar kodebrikke ber vi deg ta denne med til Muritunet.

**Vi ønsker deg lykke til og hjarteleg
velkommen til rehabilitering hos oss!**